

## Koronaviruset og retningslinjer for å gi opplæringstilbud til elever i skolen

### Retningslinjene er i tråd med dei nasjonale føringane, og gjeld fram til anna informasjon blir gitt

Hensikten med å stenge skolar er å avgrense smittespreiing. Det gjer ein ved å redusere talet på elevar og tilsette som oppheld seg på skolen. Omsynet til smittevern må vere hovudfokus når ein vurderer om ein elev kan få tilbud om opplæring i skolen eller ikkje. Ein skal ta omsyn til både elevar og tilsette i vurderinga som blir gjort.

Helsedirektoratets retningslinjer for stenging av skolar gjer unntak for barn og unge med store omsorgsbehov. Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvar for å legge til rette for og utarbeide forsvarlege tilbud i tett samarbeid med heimen og kommunane.

### Retten til tilrettelagt opplæring i skole kan gjelde desse elevane:

- Begge dei føresette har yrke med samfunnskritisk funksjon. Gjeld også einslege omsorgspersonar i ei av desse yrkesgruppene  
Oversikt over aktuelle yrke fin ein her:  
[https://www.regjeringen.no/contentassets/d510013361654fcabcb7e025f439eb19/personell\\_i\\_kritiske\\_samfunnsfunksjoner\\_16.03.2020.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/d510013361654fcabcb7e025f439eb19/personell_i_kritiske_samfunnsfunksjoner_16.03.2020.pdf)
- Ungdom der føresette er i ein utfordrande omsorgssituasjon
- Ungdom som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæring i heimen, t.d bruk av digitale hjelpemiddel, internett, bøker og andre pedagogiske tilretteleggingar

### Kven skal ta avgjerda

Den enkelte skole må gjere **konkrete og individuelle** vurderingar av kven som bør få dette tilbudet. Moment i vurderinga kan vere om eleven til dømes har store fysiske eller psykiske funksjonshemmingar, er omfatta av hjelpetiltak og liknande. Ein må gjere ei totalvurdering av eleven sine utfordringar og behov.

Det er leiinga ved den enkelte skole som skal avgjere kva for elevar og kor mange som kan få ei tilrettelagt opplæring ved skolen. Leiinga avgjer også kven av dei tilsette som skal undervise desse elevane. For å kunne gi elevar tryggleik, må ein vektlegge at det er gode relasjonar mellom dei tilsette og elevane som får tilbud. Tilsette som skal ha ansvar for desse elevane kan ha krav på barnehage-/skoletilbod til eigne barn. Skolen må melde frå til kommunen der den tilsette er busett om dette.

For å hindre spreiring av smitte må ein ha ein restriktiv praksis.

Elevar som har symptom på luftvegsinfeksjon kan **ikkje** komme på skolen.

Dersom skolen er i tvil om vurderinga, kan dei søke rådgiving hos helsevesenet, t.d kommunelege.

Koronaviruset har sett oss i ein situasjon som har ført til store utfordringar for alle i samfunnet. Utdanningsavdelinga og skolen vil gjere sitt for å handtere og legge til rette for gode løysningar, til det beste for sårbare elevar i dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Utdanningsavdelinga ber likevel om at føresette prøver å finne alternative løysingar for å oppretthalde tryggleiken til ungdomane sine, før dei ber om eigne tilretteleggingar ved skolen.